

Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

Inger Ulvund, Atle Kvåle og Alf Helge Greaker gjekk frå som ugilde fordi dei er styremedlemer i Askøy Bompengeselskap AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Mona Røsvik Strømme stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho er varamedlem i styret for Askøy Bompengeselskap AS. Ho har ikkje delteke i behandlinga av saka i selskapet. Fylkestinget vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme ikkje var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Strømme gjekk frå under røystinga.

Det var 54 representantar til stades.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner at ordninga med forskottering frå Askøy kommune til prosjekt i Askøypakken vert avslutta frå og med 2014 og opphevar tidlegare forskotteringsvedtak.
2. Fylkestinget godkjenner at forskottering frå Askøy kommune til og med 2013 til prosjekt i Askøypakken på til saman 17,5 mill. kr vert tilbakebetalt til kommunen i 2014.
3. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10.300 420 00	02301	07602	Fylkesvegar	52 000 000	
10.300 420 00	06201	07602	Bompengar (Askøypakken)		94 500 000
10.300 420 00	08100	07602	Rassikringsmidlar - statstilskot		24 000 000
10.300 420 00	08500	07602	Forskottering	85 000 000	
10.300 420 00	04500	07602	Tilbakebetaling forskottering	17 500 000	
10.300 420 00	08900	07602	Tilskot (rundkøyring Askøy)		25 000 000
10.790 110 00	07290	09977	Momskomp.		11 000 000
				154 500 000	154 500 000

4. Fylkestinget ber om at vedtak i Regional transportplan 2013-2014 om lysregulering av Nautnes bru vert gjennomført, og at ein går i dialog med Øygarden kommune om løysingar.